

Husbanken
Postboks 1404
8002 Bodø

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/32 - 8 / KTJ

Dato:
21.08.2023

Brev til Husbanken - Auka utlånsramme for 2023

Austrheim kommune ønskjer å låna ytterlegare 5 millionar kroner i 2023 til vidare utlån gjennom startlånsordninga.

Tidlegare har kommunen fått utbetalt 10 millionar kroner i 2023. Saman med det me hadde att av midlar frå 2022 har me sikra finansiering av fem bustader, der søkarane har vore innanfor to eller fleire av kategoriane «ikkje kvalifisert til lån i ordinær bank», «varige vanskar med å komma seg inn på bustadmarknaden», «varig låg inntekt», «frigjort kommunal leilegheit» og «barnefamilie».

Det er støtte frå kommundirektør og ordførar til å auka låneramma for inneverande år, slik at dette kjem opp til politisk handsaming framover hausten.

Utvida låneramme (5 millionar) er sett opp til handsaming i formannskapet 31. august, og kommunestyret 21. september. Så snart det er gjort vedtak, vil dette bli ettersendt til Husbanken.

Austrheim kommune ber om at det vert sett av 5 millionar kroner for auka utlånsramme i 2023 for oss, slik at dette kan bli utbetalt når dei politiske vedtaka er gjort.

Med helsing

Ketil Tjore
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Husbanken

Postboks 1404

8002

Bodø

